



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

Innkalling til mte

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Mtedato: Torsdag 30. mars 2023
Mtetid: 1840
Mttestad: Kyrkjelydshuset

Innkalla medlemmar i sokne- og fellestråd

Arne Hjelmås, Sissel Kvist, Svein Løwe, Eva Beate Nybø, Odd Arve Orten, Anne Beate Storbakk Skeide, Anne Berit Oterhals Skrede, Berit Marie Sporsheim, Rune Vågøy og Kristian Finn Risung (10)

*Forfall meldast til underteikna som sørger for innkalling av varamedlemmar.
Varamedlemmar får innkallinga til orientering og mter ved nærare innkalling.*

Opningsord v/Rune Vågøy


SAKLISTE
SR/FR-sak

- SAK 21-23** **GODKJENNING AV:**
 A. Innkalling
 B. Referat frå mte 02.03.2023
- Sak 22-23** **Oppnemning av komité for Kyrkje Julsundet**
- Sak 23-23** **Fastsetting av tillate persontal i kyrkja**
- Sak 24-23** **Orienterings-/drøftingssaker**
 24-23-1 Status for rekneskap og årsmelding 2022 og budsjett 2023
 24-23-2 Fasteaksjonen søndag 26. mars
 24-23-3 Arbeidet med lista til soknerådsvalet
 24-23-4 Aukradagen 2023 – eventuell deltaking
 24-23-5 Arbeidsavtale med kyrkjevevjevikarane
- Sak 25-23** **Eventuelt**

Aukra 23.03.2023

Eva Beate Nybø
Leiar
(sign)

Max Ingar Mørk
Kyrkjevevjevikar/sekretær
Tlf: 951 85 921



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

MØTEREFERAT:

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: 02.03.2023
Møtetid: 1840-2100
Møtestad: Undervisningsrom, kyrkjelydshuset

Desse medlemmer møtte:

Eva Beate Nybø, Svein Løwe, Anne Beate Storbakk, Berit Marie Sporsheim, Arne Hjelmås, og Kristian Finn Risung (6)

Forfall: Peder Nedrelid, Odd Arve Orten, Rune Vågøy, Anne Berit Oterhals Skrede og Sissel Kvist (5)

Opningsord v/ Arne Hjelmås

SAKLISTE :

SAK 14 -23 **GODKJENNING AV:**
C. Innkalling
D. Referat møtet 26.01.2023

VEDTAK:

A. Innkallinga ble godkjent
B. Referatet ble godkjent.

SAK 15-23 **Komit  Kyrkje Julsundet (jfr Sak 5/23)**

VEDTAK:

SFR vedtok   utsette saka til alle namna er p  plass for komit en

SAK 16-23 **Val 2023 (jfr Sak 6/23)**

11.09.2023 skal det veljast nytt Sokner d for de neste 4  ra. Vallista m  v re vere fullstendig innan 2.mai 2023

VEDTAK:

Det vert innkalla til eit eige valm te torsdag 16.mars kl 19:00. Aukra SFR vil bruke tida til   ha ei id dugnad p  kven som kan tenkjast st  p  val for sokne- og fellestr d i Aukra neste periode. R det  nskjer at valet skal f  noko meir plass i kunngjeringa fram mot mai og ferdigstilling av vallista.

SAK 17-23

Kyrkjebladet

Eit initiativ for   f  kyrkjebladet i gong igjen har blitt danna av Berit Marie Sporsem, Jostein Vengen og Svein L we. Fr  staben har dei kalla p  Sokneprest og trusoppl rar.

Redaksjonen vil ha 4 nummer av bladet for 2023, og  nskjer at  konomi takast inn i reknskapet til kyrkjelyden.  konomien til bladet m  garanterast av Aukra sokn.

Sokner det innser at vedtaket i saka 12/22 Kyrkjebladet – Framtida vart urealistisk i

høve til å få ei lita gruppe til å ta jobben med å stå for eit slikt organ. Aukra sfr sett stor pris på initiativet!

VEDTAK:

Aukra sokne- og fellesråd dekkjer meirkostnaden for å få ut 4 nummer av Kyrkjebladet for Aukra i 2023 og tek bladet inn i sin virksomheit.

SAK 18-23

Regnskapssystem/Leverandør (jfr Sak 7/23)

Vi har i lang tid vurdert å la rekneskap bli handsama av kyrkja sin IKT-partnar, men i samanheng med saka som omhandlar vikar for kyrkjevevje vil denne saka inngå i hjelpa vi får av kyrkjevevja i Molde.

VEDTAK:

Saka utsettast på ubestemt tid.

Sak 19-23

Orienterings-/drøftingssaker

19-23-1 Oppsummering Feitetysdag

Flott arrangement og godt besøkt. Mogleg vi skulle ha hatt ei familie-pris på 200,- for å få fleire barnefamiliar med på arrangementet?

19-23-2 Orientering om vidare gang i sak 3-23 Innleie vikar for kyrkjevevje

Aukra sfr er nøgd med løysinga AU og leiar har fått til. Det vil vere AU som etablerer dei naudsynte arbeidskontraktar og avtaler for å få effektuert denne hjelpen. Det er vanskeleg å si noko om økonomien i dette, men reknar med at dette ikkje kjem til å overskride dei midlane vi får attende frå NAV i samband med sjukemeldinga til kyrkjevevja.

VEDTAK:

Sokne- og fellesrådet tek sakene til vitande

Sak 20-23

EVT.

Svein Løwe – Ga ei orientering om staa om brannsløkkingsystem. Mykje står på å få rekneskapen ferdig slik at vi veit kor mykje vi treng i ekstra løyvingar for å få prosjektet igangsett.

Svein Løwe – Etterspør kor i prosessen søknaden om å sette inn det trådlause nettet i kyrkja er.

Aukra 27.01.2023

Eva Beate Nybø
Leiar
(sign)

Sokneprest Kristian Finn Risung
Referent
(sign)



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Tysdag 30. mars 2023
Møtetid: 1840
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Sak 22-23 Oppnemning av komité for Kyrkje Julsundet

Aukra SFR vedtok i møte 02.03.23 – sak 15-23 å utsette saka om oppnemning av komité for Kyrkje i Julsundet til namna på medlemmane var på plass.

Sissel Kvist har arbeidd med å skaffe folk til komitéen, men har ikkje klart å finne nokon som ønskjer å delta.

AU drøfta saka i møte 21.03.23 og fann å ville legge fram saka for SFR med forslag om at Kristian Finn Risund, Sissel Kvist og Kjell Hollen utgjer komitéen i første omgang, og at det vert arbeidd med å få med fleire medlemmar på sikt.

Mandatet til komitéen er å greie ut vidare planar for tomt og behov for kyrkje og gravstad i Julsundet.

Komitéen vil saman med kyrkjeverja vende seg til kommunen for å få til eit nærare samarbeid om saka. Komitéen rapporterer til SFR.

FRAMLEGG TIL VEDTAK I SFR:

Følgjande personar vert oppnemnde som komité for Kyrkje Julsundet: Kristian Finn Risung, Sissel Kvist og Kjell Hollen. Det vert arbeidd med å få med fleire medlemmar på sikt.

Mandatet til komitéen er å greie ut vidare planar for tomt og behov for kyrkje og gravstad i Julsundet.

Komitéen vil saman med kyrkjeverja vende seg til kommunen for å få til eit nærare samarbeid om saka. Komitéen rapporterer til SFR.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Tysdag 30. mars 2023
Møtetid: 1840
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Sak 23-23 Fastsetting av tillate persontal i kyrkja

BAKGRUNN

Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS v/branningeniør Stian Farstad gjennomførte brannsyn på kyrkja og kyrkjelydshuset 16.03.23. Frå kyrkja deltok kyrkjetenar Britt Karin Laastad, kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar Geir Ove Tangen og kyrkjevevjevikar Max Ingar Mørk. Det vil kome ein rapport om tilsynet i ettertid som fellestrådet må svare ut.

Tilsynet er heimla i *Forskrift om brannforebygging* av 2016, som m.a. omfattar førebyggjande plikter for eigarar og brukarar av byggverk. Forskrifta gir eigar av bygget større fridom, men også større ansvar, for å vurdere tryggleiken i bygget, enn tidlegare forskrift. Det er strengare krav til eigar om grunngjeving, dokumentasjon og kontroll av tiltak og rutinar.

Ved synfaringa i kyrkja var persontryggleiken eit sentralt tema, særleg knytt til trygg evakuering og lovleg persontal. På bakgrunn av gjennomgangen med branningeniøren har dei tre representantane frå kyrkja i ettertid gjennomført ymse strakstiltak og gjort ei ny berekning av lovleg persontal i kyrkja. Resultatet leggst med dette fram som orienteringssak for SFR.

UTGREIING

Kyrkjerommet nede har to utgangar med ei samla breidde som gir ein teoretisk kapasitet på 250 personar. Rømmingsvegen gjennom hovudutgangen er god og utan hindringar, medan utgangen gjennom koret til sakristiet er smal og kan ha redusert kapasitet på grunn av oppsett utstyr i koret, t.d. ved gravferder. Persontalet bør uansett ikkje overstige talet på faste sitteplassar. Ei oppmåling viser at det nede i kyrkja er nokså nøyaktig 200 sitteplassar i benkane når ein «stablar godt» (45 cm pr. sete).

Galleriet er stort og romsleg med to utgangar og to separate trapper som til saman gir god rømmingskapasitet. For å kunne utnytte dette må det vere open gjennomgang mellom dei to sidene av galleriet. Ein planke som opphavleg var sett opp for å hindre trafikk forbi orgelet er no fjerna og i samråd med organisten erstatta av eit tau som heng laust på ein krok. Tauet kan enkelt hekast av ved behov. Tilgjengelege benkar og stolar på galleriet er no sett opp i rader slik at kapasiteten blir utnytta best mogeleg. Stolane er teipa saman i rader. Dette har gitt 40 sitteplassar på kvar side av galleriet, til saman 80 plassar.

I tillegg er det ein liten benk i våpenhuset og tre små benkar bak orgelgalleriet som til saman gir 12 sitteplassar.

Våpenhuset har to breie utgangar med ein teoretisk kapasitet på 330 personar. Det betyr at kapasiteten her er god, sjølv når ein reknar med trafikken frå galleriet. Heile våpenhuset er likevel å sjå på som rømmingsveg slik at det ikkje er høve til å sette opp lause stolar eller benkar her.

KONKLUSJON


Det samla tillatne persontalet i kyrkja blir etter dette 200 nede + 80 på galleriet + 12 på småbenkar = 292 personar. Ved å tillate at nokre personar står, t.d. i våpenhuset, kan talet rundast av til 300 totalt i kyrkja.

Følgjande reglar gjeld:

- Lause stolar er ikkje tillate (desse er no fjerna frå kyrkjerommet)
- Rømmingsvegane (midtgang, sidegangar, dører og trapper) må vere utan hindringar
- Laust utstyr i koret, t.d. i samband med gravferd, må lett kunne ryddast unna
- Om vinteren må snø utanfor rømmingsvegane ryddast slik at folk kjem seg trygt ut og fram til samlingsplass ved Kyrkjestova.

FRAMLEGG TIL VEDTAK I SFR:

Aukra SFR tek framlegget om tillate persontal i kyrkja til orientering.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Tysdag 30. mars 2023
Møtetid: 1840
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Sak 24-23 Orienterings-/drøftingssaker

24-23-1 Status for rekneskap og årsmelding 2022 og budsjett 2023

24-23-2 Fasteaksjonen søndag 26. mars

24-23-3 Arbeidet med lista til soknerådsvalet

24-23-4 Aukradagen 2023 – eventuell deltaking

24-23-5 Arbeidsavtale med kyrkjevevjevikarane